



TI-aren blir stadig meir populær som treffstad for småbarnsforeldre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Cafe TI-aren i Gamleskulen på tysdagar blir stadig meir populær som treffstad for foreldre med små ungar. Og denne gongen er foreldre det rette ordet, for denne tysdagen dukka det til og med opp ein far på kafeen!

Tilsaman var det 16 ungar innom og boltra seg i det indre rom denne gongen og det er ein klar rekord. Den førre toppnoteringa var 12.

På den andre sida var det nokre færre vaksne enn det har vore i det siste – talet var ”berre” 26.